

REGULERINGSFØRESEGNER

KOMMUNE: Bygland

REGULERINGSOMRÅDE: Nesmoen massetak

DATO FOR PLANFORSLAG: 14.06.2018/korrigerings for offentlig ettersyn 03.09.2018

DATO-KOM.STYRETS VEDTAK: 13.12.2018, sak nr. 68/18

PLAN ID: 201801

DATO FOR SISTE REVISJON: 14.11.2018

Føresegnene gjeld for område innanfor planavgrensing i plankartet. Føresegnene er gjevne i medhald av Plan- og bygningslova § 12-7.

Reguleringsføremål (PBL. § 25)

- | | |
|---------------|--|
| PBL § 12-5,1 | <u>Bygningar og anlegg</u>
- Massetak |
| PBL § 12-5, 2 | <u>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</u>
- Køyreveg |
| PBL § 12-5, 5 | <u>Landbruks-, natur- og friluftslivformål</u>
- LNF generell |

§ 1 Fellesføresegner

- 1.1. Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan virke inn på ei automatisk freda kulturminne, skal Aust-Agder fylkeskommune kontaktast og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røre kulturminnet. Kulturminnemyndigheitene avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker - om arbeidet kan fortsetje og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. Kulturminneloven § 8 andre ledd).
- 1.2. I tørre periodar med mykje støvflukt skal det gjennomførast støvdempande tiltak for å hindre støvulemper for omgjevnadane. Aktuelle tiltak er vatning eller kloring/kalking av uttaket og massane.

16/11-19
AK

§ 2 Bygninger og anlegg

- 2.1. Støy frå massetak skal ikkje medføre at busetnad råkast av støy over maksverdi i tabell 3 i T-1442/6.
- 2.2. Innafor området kan det takast ut masser inntil 712 500 m³, i høve til illustrasjonsplan for ferdig uttatt område
- 2.3. Topplekket i området tas av og leggst til side for tilbakeføring når uttaket avsluttast. Behovet for tildekking skal vurderast om område nyttast vidare til næringsformål. Eventuell etterbruk må avklarast med reguleringsmynde med tanke på eventuell omregulering til den etterbruken som kan vere aktuell.
- 2.4. Lagring av forureina masser og avfall tillatast ikkje innanfor planområdet.
- 2.5. Sikring av området skal vurderast fortløpande og sikring utførast når det er behov.
- 2.6. Driftstid måndag til fredag kl. 07.00 – kl. 21.00. Knuseverket og borerigg kan vere i drift måndag til torsdag mellom kl. 07.00 og kl. 21.00, på fredagar avsluttast drifta kl. 17.00. Knuseverket og borerigg skal vere ute av drift laurdagar, sundagar, andre heilagdagane og i perioden frå og med juni til og med august.
- 2.7. Naboar varslast ved sprenging.
- 2.8. Lasting av masser for utkøyring er tillat etter behov.
- 2.9. Det tillatast deponering av reine masser i massetak, massane skal brukast til istandsetting ved avslutting av uttaket.
- 2.10. Det tillatast lagring av tømmer i uttaket om dette ikkje er til hinder for drifta.
- 2.11. Det tillatast oppsetting av lagerbygg når uttaket har blitt stort nok til at dette kan settast opp utan og hindre drift. Det føreset godkjent byggjeløyve før bygg kan oppførast.

§ 3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- 3.1 Tilkomst veg skal opparbeidast etter standard til landbruksveg klasse 3.

§ 4 Landbruks-, natur- og friluftsområde

- 4.1. I LNF område rundt masseuttaket er det ikkje tillate med flatehogst då arealet skal fungere som skjerming for innsyn og støy.

§ 5 Omsynssoner

- 5.1. I område med faresone ras H310 kan ikkje bygg førast for varig opphald førast opp utan nærare skredvurdering
- 5.2. I område H140 Frisiktsone skal det ikkje vere vegetasjon eller anna over 0,5 m som kan hindre sikt i avkøyring.

§ 6 Rekkefylgje føresegner

- 6.1 For sikkerheit mot avrenning skal etablerast sedimenteringsgrop i område ved innkøyring inn i sjølve massetaket.

BYGLAND 16/10-19
Knut R. [Signature]



